

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

### **Fråsegn til høyring om endring av stadnamnlova**

Stadnamna er ein viktig del av den gamle kulturarven som framleis spelar ei sentral rolle i dagleglivet vårt. Det er viktig å ta vare på og odla vidare denne kulturarven. Dette krev ei fagleg forvaltning og skjønn i godt samspel med lokal kunnskap. Ein slik praksis ligg til samanlikning også til grunn for forvaltninga av den fysiske kulturarven.

I dansketida vart norske stadnamn i skrift normerte etter danske språkreglar sjølv om namna hadde opphav i norsk ordtilfang og i munnleg bruk framleis hadde norsk form. Dette innebar i mange tilfelle at namna vart kraftig forvanska og «fordanska» då embetsmennene ikkje forstod eller oppfatta fullt ut det norske talemålsgrunnlaget. I munnleg bruk overlevde dei norske formene likevel i stor grad.

Då Noreg vart sjølvstendig, vart det difor naudsynt med eit omfattande og grundig fornorskingsarbeid av stadnamna på grunn av at alle kart og alle dokument var på dansk. I Noreg valde ein då å normera namna etter den lokale, nedervde uttalen for så å tilpassa til norske stavereglar med grunnlag i det etymologiske opphavet til namna. Den nye skrivemåten tok som kjent omsyn til den språklege tradisjonen og uttalen hjå dei som brukte namna. Dette gjer namna attkjennande for brukarar og gjer det lettare å tyda namna.

Om ein no i større grad overlèt til privatpersonar å bestemma sjølve korleis bruksnamna skal skrivast, vil det etter vår meining kunna forringa mykje av det fornorskingsarbeidet og rekonstrueringsarbeidet som fagfolk har gjort for å ivareta norske stadnamn dei siste hundre åra.

Vi vonar difor at framlegg til endring av stadnamnlova som gjeld avskipping av norske normeringsreglar for stadnamn, vert lagde bort. Vi vonar og meiner at normeringa av stadnamna i offentleg bruk, anten dei er bruksnamn eller ikkje, vert førd vidare på den varlege måten ein gjer det på i dag. Vi har i dag dyktige fagpersonar på universitet, stadnamnkonsulentar og andre som framleis bør brukast og lyttast til i dette arbeidet i tråd med den eksisterande praksis.

Med helsing

Randi Bårtvedt  
Hardanger folkeminnelag